

# Tilrår tre promille

Hordaland Folkeblad - Publisert: 10.11.2009



*Han er like blid, økonomisjef Lars Kristian Vikøy (t. h.), sjølv om det er Kornmo-tider i Kvam herad. Rådmann Harald Inge Anderssen tilrår å påleggja heile Kvam eigedomsskatt i 2010.*

Foto: Sigbjørn Linga

Rådmannen i Kvam tilrår å saldera 2010-budsjettet ved å utvida eigedomsskatten til heile kommunen. Han tilrår eit skattøyre på tre promille for å sikra inntekter på 28 millionar kroner i året. Det er ein auke på om lag femten millionar i høve til dagens eigedomsskatt i Kvam.

- Eg ser ikkje anna råd, skriv rådmannen i budsjettframlegget, som vert presentert for heradsstyret i dag.

Rådmannen varslar ei rekkje kutt, mellom anna at han vil leggja ned legekantoret i Strandebarm neste år. Han budsjetterer med eit netto driftsresultat på fire millionar kroner komande år. Resultatet skal verta gradvis betre til 2013, då det er oppgjeve eit resultat på pluss 15 millionar kroner i økonomiplanen. Det er i tråd med tilrådinga frå Kommunenes sentralforbund.

Rådmannen føreslår i investeringsplanen å løyva 20 millionar kroner til eit 25 meter langt symjebasseng i Norheimsund i 2012. Han føreslår òg å bruka nesten ein halv million kroner på å gjera ferdig sjøfronten ved Øysteseparken, eit prosjekt som grendeutvalet i Øystese står bak. Rådmannen vil òg auka investeringa i barnehage på Bjørketeigen med seks millionar til 16 millionar kroner. Ekstraløyvinga skal finansierast med mellom anna sal av barnehagetomta i Busdalen og av Sjydnahaugen barnehage.